

Fjaler kontrollutval

SEKOM-sekretariat

MØTEBOK

Møtedato: 08.05.2015

Møtetid:

Kl. 09:00 – 11:45

Møtestad: Fjaler kommunehus, møterom
Flekke 344

	Faste medlemar	Møtte	Forfall	Merknader
1	Magne Norddal, leiar	X		
2	Anny Mari Holm Solheim, nestleiar	X		
3	Geir Tessem	X		
	Personlege varamedlemar	Møtte	Forfall	Merknader
1	Randi Engen			
2	Eivind Antonisen			
3	Sissel Vagstad			
	Andre som møtte			
	SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme			
	KRYSS Revisjon v/Terje Førde, Aud Marit Nyland Eide og Charles Litsheim (sak 021/15)			
	Rådmannen v/økonomisjef Annikken Myklebust (sak 019/15) og personalrådgjevar Martin Lundgård (sak 020/15)			

Sak nr.	Sakstittel
016/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
017/15	Skriv og meldingar 8.5.2015
018/15	Rekneskapen 2014 - Driftsselskapet for Dingemoen Idrettspark
019/15	Uttale til rekneskapen 2014 for Fjaler kommune
020/15	Rådmannen informerer om rutinar rundt sjukefråvær
021/15	Prosjektplan - Eigarskapspolitisk gjennomgang i Sunnfjord Energi AS og Vevang Produksjon AS
022/15	Tinging av overordna analyse
023/15	Oppfølgingsliste 3-2015
024/15	Eventuelt

Underskrifter:

Magne Norddal, leiar

Anny Mari Holm Solheim

Geir Tessem

SEKOM-sekretariat
v/Audhild Ragni Vie Alme

016/15: Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Fjaler kontrollutval 08.05.2015:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

FJA-016/15 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

017/15: Skriv og meldingar 8.5.2015

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Handsaming i Fjaler kontrollutval 08.05.2015:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

FJA-017/15 Vedtak:

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

018/15: Rekneskapen 2014 - Driftsselskapet for Dingemoen Idrettspark

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon datert 25.3.2015, og gjev følgjande uttale:

Kontrollutvalet tilrår at årsrekneskapen for driftsselskapet Dingemoen Idrettspark for 2014 vert godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i Fjaler kontrollutval 08.05.2015:

KRYSS Revisjon v/Aud Marit Nyland Eide møtte og gjekk gjennom rekneskapen. Revisor ga tilbakemelding om at Driftsselskapet for Dingemoen Idrettspark ikkje får sponsor og reklameinntekter lenger. Det er fotballgruppa som får sponsor og reklameinntektene for det som gjeld ute, og handballgruppa for det som gjeld inne. Det føreligg ikkje noko vedtak om denne endringa.

Nytt framlegg:

Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon datert 25.3.2015, og gjev følgjande uttale:

- Kontrollutvalet syner til merknad under konklusjon i revisjonsmeldinga om at det for rekneskapsåra 2013 og 2014 ikkje har vore inntektsført reklame- og sponsorinntekter. Kontrollutvalet ber kommunestyret om å få avklart kven som er eigar av reklame- og sponsorinntekter i høve til driftsselskapet, eigar av hall og lag og organisasjonar.
- Kontrollutvalet tilrår at årsrekneskapen for driftsselskapet Dingemoen Idrettspark for 2014 vert godkjent slik han ligg føre med merknad.

Det nye framlegget vart samrøystes vedteke.

FJA-018/15 Vedtak:

Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon datert 25.3.2015, og gjev følgjande uttale:

- Kontrollutvalet syner til merknad under konklusjon i revisjonsmeldinga om at det for rekneskapsåra 2013 og 2014 ikkje har vore inntektsført reklame- og sponsorinntekter. Kontrollutvalet ber kommunestyret om å få avklart kven som er eigar av reklame- og sponsorinntekter i høve til driftsselskapet, eigar av hall og lag og organisasjonar.
- Kontrollutvalet tilrår at årsrekneskapen for driftsselskapet Dingemoen Idrettspark for 2014 vert godkjent slik han ligg føre med merknad.

019/15: Uttale til rekneskapen 2014 for Fjaler kommune

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen 2014 for Fjaler kommune vert vedteken.

Handsaming i Fjaler kontrollutval 08.05.2015:

Rådmannen v/økonomirådgjevar Annikken Myklebust møtte og gjekk gjennom rekneskapen. KRYSS Revisjon v/Terje Førde og Aud Marit Nyland Eide møtte og ga sine kommentarar til rekneskapen.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

FJA-019/15 Vedtak:

Kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen 2014 for Fjaler kommune vert vedteken.

020/15: Rådmannen informerer om rutinar rundt sjukefråvær

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek informasjonen om oppfølging av sjukmelde i Fjaler kommune til vitande.

Handsaming i Fjaler kontrollutval 08.05.2015:

Rådmannen v/personalrådgjevar Martin Lundgård møtte og gjekk gjennom kva som vart gjort i forhold til sjukefråvær, og nye rutinar som dei jobbar med. Har m.a. innført elektronisk kvalitetssystem.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

FJA-020/15 Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen om oppfølging av sjukmelde i Fjaler kommune til vitande.

021/15: Prosjektplan - Eigarskapspolitisk gjennomgang i Sunnfjord Energi AS og Vevang Produksjon AS

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Prosjektplan – Eigarskapspolitisk gjennomgang i Sunnfjord Energi AS og Vevang produksjon AS, datert 28.4.2015 vert godkjent. Frist for levering av rapport er 1. september 2015.

Handsaming i Fjaler kontrollutval 08.05.2015:

KRYSS Revisjon v/Charles Litsheim møtte og gjekk gjennom prosjektplanen.

Ny tilråding:

Kontrollutvalet ynskjer at prosjekttittelen vert Gjennomgang av eigarskapspolitikk i Fjaler kommune, prosjektplanen datert 28.4.2015 vert elles godkjent. Frist for levering av rapport er 1. september 2015.

Den nye tilrådinga vart samrøystes vedteken.

FJA-021/15 Vedtak:

Kontrollutvalet ynskjer at prosjekttittelen vert Gjennomgang av eigarskapspolitikk i Fjaler kommune, prosjektplanen datert 28.4.2015 vert elles godkjent. Frist for levering av rapport er 1. september 2015.

022/15: Tinging av overordna analyse

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tingar overordna analyse for Fjaler kommune frå KRYSS Revisjon.

Handsaming i Fjaler kontrollutval 08.05.2015:

KRYSS Revisjon v/Terje Førde møtte i saka og informerte om arbeidet med overordna analyse.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

FJA-022/15 Vedtak:

Kontrollutvalet tingar overordna analyse for Fjaler kommune frå KRYSS Revisjon.

023/15: Oppfølgingsliste 3-2015

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Handsaming i Fjaler kontrollutval 08.05.2015:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

FJA-023/15 Vedtak:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

024/15: Eventuelt

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Handsaming i Fjaler kontrollutval 08.05.2015:

Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.

FJA-024/15 Vedtak: